




**FINNØY
SENTERPARTI**



Visjon for Finnøy kommune framover:

Ein...

- ... triveleg stad å bu
- ... god stad å veksa opp
- ... triveleg stad for nærings-
utvikling og arbeid
- ... god stad å eldast



Program 2007 - 2011



Med hjarte for
heile Finnøy

Sentrale målsetjingar

- Fremja samhald og trivsel i heile kommunen.
- Styrkja infrastrukturen i heile kommunen.
- Stimulera til personleg initiativ, engasjement og medansvar.
- Gjera Finnfast til ei muligheit for alle.



Arbeid og næringsliv

Arbeida for eit allsidig og variert næringsliv i Finnøy ved å:

- Sikra areal for vidareutvikling av gartneri og jordbruk.
- Gje rom for vidare utvikling av havbruk.
- Støtta Rygjabø Fiskerifaglege Senter i å utvikla kompetanse innan havbruk og fiskeforedling.
- Gode reisetilbod for pendlarar inn og ut av kommunen.
- Sikra areal for tomter i kommunen til næring og bustad.
- Ta vare på og styrkja eksisterande arbeidsplassar.
- Stimulera til vidare utvikling av turisme og reiselivsnæring.
- Stimulera til næringsutvikling og kreativitet.

Arbeida med vidare utbygging av vassforsyning.





Samferdse



Arbeida for:

- Videreføring av rv. 519 frå Judaberg, over Ombo og til Skipavåg.
- Å sikra eit effektivt rutetilbod i heile kommunen med god frekvens.
- Godt hurtigbåttilbod til alle delar av kommunen.
- Utbygging av rv. 519 frå sentralen til Judaberg med gang og sykkelsti.
- Å oppgradera vegnettet, slik at det vert tenleg for næringslivet.
- Fv sambindings Fogn, Bokn, Byre og Halsnøy.

Kultur

- Motivera og støtta frivilljuge organisasjonar innan kultur.
- Ta vare på dei unike kyrkjene våre og sikra økonomisk grunnlag for godt vedlikehald av desse.
- Gje idretts- og ungdomsarbeid høg prioritet, gjennom å gi støtte til naudsynte anlegg og lokale.

Kommunen som arbeidsgjevar

Kommunen er i dag den største arbeidsgjevaren i Finnøy. Det er heilt avgjerande for oss alle at dei tilsette har trivelege arbeidsplassar og kjenner seg verdsette.

Senterpartiet vil arbeida for at:

- Dei tilsette vert sett på som ein ressurs som kan utviklast ved bruk, verdsetjing og motivering.
- Utvikla leiarar slik at kommunen kan framstå som ein god arbeidsgjevar.



Helse og omsorg

Arbeida for:

- Å vidareutvikla det gode helse- og omsorgstilbodet.
- Oppretthalde den kommunale omsorga slik at folk kan bu heime lengst mogeleg.
- At drifta av eldresentera held fram.



Skule, utdanning og barnehagar

- Gje skulen ressursar slik at de faglege innhaldet og trivselen vert god.
- Musikk og kulturskulen må ha sentral plass for å vidareutvikla kulturelle mangfaldet.
- Læringsplassar.



Komplett valprogram:
www.senterpartiet.no/rogaland



Med hjarte for
heile Finnøy